

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 19.10.2015  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Hilde Christiansen  
**SAKA GJELD:** **Oppfølging av kontrakts vilkår for å unngå sosial dumping/hindre arbeidsmiljøkriminalitet**

**ARKIVSAK:** 2015/2247  
**STYRESAK:** 099/15

**STYREMØTE:** 10.11. 2015

### Administrerende direktør si orientering pkt. 6

---

Helse Bergen HF har over tid føljt opp leverandøren som ble tildelt elektro entreprisoppdraget ved fase 1 utbygginga av Barne- og ungdomssjukehuset, sjå vedlagte sak som ble lagt fram for styret i Helse Bergen HF den 30. september 2015.

På bakgrunn av forhold som undervegs blei avdekka, har Helse Bergen hatt ekstern gjennomgang av heile sakskomplekset frå tilbod, evaluering og tildeling av kontrakt til Enemona, samt oppfølging av leverandøren, jamfør rapport frå Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS.

Helse Bergen HF valde å heve kontakten med Enemona 23. juni 2015.

Den eksterne evalueringa peikar på følgjande forslag til tiltak:

- Det blir etablert ein skriftlig strategi mot sosial dumping. Strategien bør mellom anna omhandle mål, rolleavklaringar, behov for kompetanseutvikling, dokumentasjon og informasjon
- Strategien bør forankrast i føretaket sitt styre. Styret bør jamleg få rapportar om status på det kontinuerlege arbeidet helseføretaket utfører mot sosial dumping
- Som eit ledd i arbeidet bør den skriftlege strategien tydeleggjere kven som har ansvaret for dei ulike delane av arbeidet mot sosial dumping. Både styret, leiargruppa- og ulike enkeltaktørar sitt ansvar bør avklarast og tydeleggjerast. Det bør også etablerast ein

tydeleg grenseoppgang mellom innkjøp og eventuelle prosjektorganisasjonar sitt ansvar for dei ulike delane av arbeidet mot sosial dumping

- Det blir nedfelt skriftlig dei rutinar ein har for førebygging av og tiltak mot sosial dumping
- Det blir gjennomført analysar av eventuelle tiltak mot sosial dumping som kan settast i verk i anskaffingsfasen. I samband med dette bør ein også føreta ein gjennomgang av dei malar som blir nytta ved anskaffingar for å sikre at krav om lønns- og arbeidsforhold blir tatt inn i konkuransgrunnlaget der dette er eit krav

Denne saka har vore gjenstand for spørsmål i Stortinget, og der Helse- og omsorgsdepartementet overfor Helse Vest RHF har vore tydeleg på at departementet forventar at det blir satt i verk tiltak som er i tråd med kva Helse Vest RHF har lagt til grunn i behandlinga av denne konkrete saka.

I dialogen med Helse- og omsorgsdepartementet har Helse Vest lagt følgjande til grunn:

*Helse Vest vil gjennomgå evalueringa og gjennomgå rutinar for om mogleg ytterlegare styrke framtidige kontrollar med at leverandørar oppfyller krav til lønns- og arbeidsvilkår i dei kontraktar som blir inngått. Helse Vest vil sørge for gjennomgang av kontrakts formuleringane i eksisterande avtalemalar for å sikre at lønns- og arbeidsvilkår blir tatt i vare på ein best mogleg måte.*

På bakgrunn av den aktuelle saka i Helse Bergen HF og etterfølgjande gjennomgang er det nå sett i verk gjennomgang av eksisterande kontrakts vilkår/formuleringar som ligg føre i eksisterande avtalemalar med mål om å sikre lønns- og arbeidsvilkår enda betre i framtida. Det er også aktuelt å etablere felles strategiar og tiltak for heile føretaksgruppa i tråd med tilrådingane frå ekstern juridisk gjennomgang av den aktuelle saka i Helse Bergen.

Regjeringa la 13. januar 2015 fram sin strategi for å styrke innsatsen mot arbeidslivskriminalitet. Seinare er det etablert ein rettleiar om beste praksis som skal bidra til betre oppfølging av lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Norsk arbeidsliv er prega av ryddigheit og gode arbeidsforhold. Likevel er sosial dumping og ikkje seriøse arbeidsgjevarar/leverandørar eit problem i nokre bransjar. Verksemder som driv systematisk i strid med lov og reglar undergravar eit vel fungerande arbeidsliv. Konsekvensane er alvorlige både for dei medarbeidarane det gjeld, for dei bransjane som blir ramma, for samfunnet som heilskap og dei negative konsekvensar dette har for omdømmet for oppdragsgjevarar som ynskjer å bygge opp om eit seriøst og vel fungerande arbeidsliv.

Helse Vest vil ta omsyn til det kunnskapsgrunnlag som er stilt til disposisjon frå partane i arbeidslivet, Regjeringa og evalueringa i Helse Bergen i det vidare arbeidet. Føretaksgruppa Helse Vest står overfor mange store utbyggingar.

Regjeringa har også i sitt budsjettforslag for 2016 lagt til grunn bevilling av 220 millionar kroner til vedlikehald som del av tiltaka for å motverke konjunktur endringane i næringslivet på Vestlandet. Det hastar såleis å slutføre dette arbeidet. Døme på krav ein allereie er samde om i tre parts samarbeidet er at det skal takast inn krav om lærlingar, at det blir stilt krav om lønns- og arbeidsforhold, at det ikkje er for mange utførande ledd som pulveriserer ansvarstilhøva i prosjekta.

Det vi likevel ser i saka i Helse Bergen er at det er krevjande å få fram korrekt informasjon i prosessane frå tilbod til ferdig gjennomført oppdrag. Vi har, i saman med HINAS styrka krava ovanfor rammeavtaleleverandørane for vikarpersonell. Krava har medverka til endringar i vikarbransjen og kontrakts vilkåra har gitt dei regionale helseføretaka eit robust grunnlag for oppfølging av leverandørane. For den siste anskaffinga av helsepersonell vikarar blei det også gjennomført ein såkalla pre-revisjon som del av anbodsprosessen. Dette er ikkje gjort før, men har gitt gode resultat for vikar avtalane. Det vil vere viktig å sjå kva for kontrakts vilkår frå vikaravtalane som kan overførast til andre avtaleområde. Det er viktig at alle perspektiv for å unngå sosial dumping og arbeidsmiljøkriminalitet blir tatt på alvor og at vi styrker grunnlaget for å unngå dette i føretaksgruppa Helse Vest.

Vi har også informert dei tre andre regionale helseføreaka om saka i Helse Bergen og tilrådingane som ligg i den eksterne evalueringa. Vi har også orientert styremedlem som er utpeika frå Helse Vest til styret i Sykehusbygg HF om saka.

Helse Vest har allereie satt sosial dumping og arbeidsmiljøkriminalitet på dagsorden. LO er mellom anna bedt om å dele deira erfaring og innspel overfor tillitsvalde og vernetenesta på Vestlandet.

Planen er at styret vil få førelagt strategiar og tiltak innan utgangen av 2015.

Vedlegg:

1. Styresak frå Helse Bergen HF – Evalueringsrapport om Enemona anskaffinga
2. Ekstern evalueringsrapport